



# Møtebok

Sak nr 8/2008

Møtedato: 30.1.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S 786

## S 786, Kvålsstølen – søknad om sel

Astrid Haugli og Harald Lasskogen søker om å få opp eit nytt sel på 62,3 m<sup>2</sup> (BYA). Søkjaren ynskjer å rive eksisterande sel på 60 m<sup>2</sup>. Det nye selet er tenkt plassert på tilnærma same tomt som eksisterande sel og med same møneretning.

På stølen er det registrert følgjande bygningar: Uthus/skåle 11 m<sup>2</sup>, låve/løe 6 m<sup>2</sup>, fjøs 65 m<sup>2</sup>, sel 47 m<sup>2</sup> og sel 60 m<sup>2</sup>.

Landbrukskontoret har bekrefta at stølen er i bruk til forproduksjon ut frå garden. Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølfsforskriftene der det heiter:

*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn. Dersom fjellstyret vil kreve at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.*

Søknaden er oversendt Statskog og Oppland fylkeskommune for uttale jf. stølfsforskrifta.

Statskog har tilrådd søknaden dersom selet på 60 m<sup>2</sup> blir fjerna. Veranda på stølshus er det ikkje tradisjon for på stølshus og Statskog ber fjellstyret vera kritisk til å godkjenne slike element i denne og framtidige søknader.

Oppland fylkeskommune tilrår søknaden, men det er viktig å få omsyn til plassering i terrenget, farge, type panel og taktekking, f.eks. bør det brukast skifer i staden for shingel om mulig. Vidare ser dei det som positivt om den gamle lafta bygningen får stå, og at berre den nyaste delen blir rive. Veranda med takoverbygg bør sløyfast og at det i staden blir opparbeidd ein utplass på terrenget.

I sak 66/2007 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

*Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og gir tilsegn om at det kan førast opp nytt sel i den storleik det er søkt om. Tilsegna blir gjeve på vilkår av at det gamle selet på 60 m<sup>2</sup> (BYA) blir rive.*

*Element som veranda, liggande panel, store vindauge i endevegg o.a. er det ikkje tradisjon for på sel. Sel brukar å ha ei meir rektangulær form enn det som er skissert på teikningane. Huset gir ikkje inntrykk av å vera eit tradisjonelt stølshus. Før endeleg godkjenning blir gjeve ber fjellstyret om at det blir oversendt nye teikningar i samsvar med overståande merknader.*

*Oppland fylkeskommune ser det som positivt at den gamle lafta delen kan bevarast. Søkjaren har opplyst at den lafta delen er så øydelagt ved ulike påbyggingar at det ikkje er skikka til å bruke vidare. Fjellstyret vil derfor ikkje stille som krav at den lafta delen av selet blir ståande.*

*I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal adresserast til Statens landbruksforvaltning og sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Søkjaren har i e-post datert 18.1.08 kome med nye teikningar. Bygget er ein del omarbeidd, m.a. er overbygd veranda sløyfa. For at huset ikkje skal bli for kvadratisk er det lagt på ein modul på 60 cm. Arealet på huset aukar med dette til 66,8 m<sup>2</sup>, mot 60 m<sup>2</sup> som vart godkjent i sak 66/07.

Teikningane er sendt Statskog og Oppland fylkeskommune til uttale.

Oppland fylkeskommune har i brev datert 25.1.08 gjeve følgjande uttale:

*De nye tegningene viser en god tilnærming til slik vi tidligere har uttalt og som fjellstyret har fulgt opp, særlig ved at den overbygde verandaen nå er tatt ut av planen, det er positivt. Huset har fått en god hovedform. Takutstikkenes lengde og form er godt avstemt resten.*

*Vi viser til vår tidligere uttalelse og vil tilføye:*

*Når det gjelder vinduene vil vi anbefale at en begrenser seg til to typer. De minste kan være som tegnet (én-rams, korssprosset). Det bør være én type store: To-rams sidehengslede med tre ruter i ramma og*

*gjennomgående sprosser. De tre store én-rams med tolv ruter på langvegg i stuedelen bør følgelig tas ut av planen og erstattes med to-rams som beskrevet over. Vinduene bør plasseres enkeltvis, jevnt fordelt i veggflaten, ikke to og to sammen. Antallet store vinduer kan gjerne reduseres noe.*

**Konklusjon:**

*De nye tegningene viser et hus som er på veg til å bli et godt tilpasset stølshus. Vi har her tatt for oss vinduene spesielt og foreslår endringer i antall, størrelse og plassering. Dette for å gjøre ytterligere tilpasning til det tradisjonelle stølshusets noe tilknappede og lukkede form - som skiller stølshuset fra nyere hyttebygging.*

Statskog har gjeve følgjande uttale i brev datert 28.1.08:

*Viser til nye tegninger oversendt Statskog til uttale i forbindelse med søknad om riving og nyoppføring av sel behandlet i fjellstyre sak nr: 66/2007.*

*Statskog har ingen nye merknader i saken, og vi viser følgelig til vår opprinnelige uttale i brev til Vestre Slidre fjellstyre den 14.11.07.*

*Ettersom endringene er av mer utformingsmessig og arkitektonisk art antar vi at tegningene også er oversendt kulturvernavdelinga i Oppland fylkeskommune, og at de vil ivareta disse aspektene ved saken.*

**Vedtak:**

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene. Fjellstyret vil be søkeren å vurdere merknadane frå Oppland fylkeskommune når det gjeld løysing for vindauga.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 31.1.08

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Astrid Haugli og Harald Lasskogen  
Statskog  
Vestre Slidre kommune  
Oppland fylkeskommune, avd kulturvern